



Alver kommune  
Postboks 4  
5906 FREKHAUG

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352  
Silje Elvatun Sikveland, 5764 3136

## Ny vurdering - Alver - ( Meland ) . Fv. 564 Fløksand - Vikebø - detaljregulering

Vi viser til førespurnad om ny vurdering av utviding av plangrensa på bakgrunn av ny informasjon om at Fløksandelva har oppgang av sjøaure og tidvis fløymer over.

### Statsforvaltaren si vurdering

Fløksandelva er nyleg habitatkartlagt av Rådgivende Biologer AS. Anadromt vandringshinder er oppstrøms Brakstadvatnet, og det er registrert aure på alle el-fiskestasjonane i vassdraget, men tettleiken av ungfisk er lav. Det er ingen gyteområde i den delen av elva kor overvatnet skal overførast. Flaskehalsen for produksjon av laksefisk er i hovudsak kunstige temporære vandringshindre, men også utretting av elveløpet, mangel på skjulområde, gytegrus og kantvegetasjon. I forbindelse med vegarbeidet bør kulverten under Rosslandsvegen utbetrast. Den vert i dag tørrlagt ved lav vassføring.

Vi har ikkje informasjon om kor mykje overvatn som går ut i Fløksandelva i dag, og det er uklart kva som meinast med litt auke, men sidan røyra skal dimensjonerast opp antar vi at det vil bli større påverknad.

I alternativ 1 skal overvatnet førast i leidning til ein eksisterande vasskum. Kummen skal senkast 1 meter. Det er ikkje opplyst om dette er for å legge til rette for sandfang. Etter dette vil vatnet gå i eit røyr mot bekken som renn til myra og vidare til Fløksandelva

I alternativ 2 blir overvatnet ført inn i kisteveiter med usikker tilstand, og med usikker kapasitet. Desse må utbetrast med nye røyr.

Det beste er sannsynlegvis å kople seg til det eksisterande systemet i alternativ 1, sidan ein har lite kontroll på veitene i alternativ 2. Det er enklare å følge opp eit eksisterande system for overvatn. For alternativ to ser det ut som det ikkje er vurdert nokon form for reinsing. Det kan sjå ut til at vatnet vert leia til ei vik, godt eigna for bading. I vika er det også eit fint gruntområde med «leopardbotn» av stein med tangklasar som er funksjonsområde for sjøaure og torsk. Vår vurdering er at det ikkje er heilt gunstig å sleppe ureinsa vatn rett ut i vika.



Vi vurderer at alternativ 1 er det beste alternativet, sjølv om dette vil gå ut i Fløksandelva. Vi presiserer at det må byggast ei reinseanretning som sandfang eller reinsedam, før overvatnet går ut i vassdraget.

Med helsing

Egil Hauge  
seksjonsleiar

Hege Brekke Hellesøe  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*